

Fråsegn frå Erlend Bakke om lovframlegget «Utkast til lov om språk», som Kulturdepartementet sende på høyring 23. august 2019. Høyringsfristen er 15. november.

Askøy, 15. november 2019

Kva om bokmål og nynorsk er riksspråka i landet der norsk er nasjonalspråket?

Digitaliseringsminister Nikolai Astrup (H) har nyleg peikt på kor viktig det er at lovene våre har presise formuleringar, tydingar og definisjonar, og at likelydande ord og omgrep som er nytta i ulike lover, ikkje kan ha motstridande eller sprikjande tydingar (Språknytt nr. 3-2019, side 6-9). Eit slikt ideal lyt særleg lov om språk (språklova) oppfylla. Det er særskild viktig at språklova er forma slik språkleg at ho opplyser særleg tydeleg kva bokmål, norsk og nynorsk er å forstå som, i alle delar av lova. Difor er det leitt at «Utkast til lov om språk» (heretter lovframlegget) ikkje er tydeleg nok på det punktet. Det er rett og slett ikkje opplagt kva lovframlegget siktar til med «norsk» og «norsk språk».

Difor set eg fram nokre grunnleggjande spørsmål om nokre grunnleggjande nemningar i lovframlegget:

Kva fylgjer har det for norsk som språkleg omgrep at det faktisk ikkje finst – ikkje slik dansk finst og svensk finst – noko standardisert skriftspråk og talespråk som heiter norsk? Når dei landsomfattande språkkulturane med status som offisielle og offentlege skriftspråk heiter bokmål og nynorsk –

samstundes som mange rett nok seier og meiner norsk og nynorsk, ein god del færre dansknorsk og norsk – er det i seg sjølv eit signal om at omgrepet norsk treng heilt spesifikke definisjonar i ei lov om språk i Noreg. Utan tvil har bokmål og nynorsk ulike språklege opphav. Er dei likevel norske, både to? Bokmål er i dag mest knytt til sosiolektane av visse bydialektar og nynorsk framleis mest til dialektane elles. Det er eit politisk spørsmål på kva måte ein ser på bokmål og nynorsk under eitt som norsk eller ikkje, og om ein kallar bokmål og nynorsk ulike (skrift)språk eller ikkje. Kva fylgjer har det? Kva språklege fenomen og ovringar kan eller bør norsk som språkleg omgrep eventuelt romma? Og kva fylgjer bør det ha for språklova?

Kva er ‘norsk’ og ‘norsk språk’?

Desse spørsmåla og dei samanhengane dei peikar på, syner til dømes at det alltid er meir presist å skriva ‘bokmål og nynorsk’ i lovteksten enn ‘norsk’ og ‘norsk språk’ når ein faktisk siktar til bokmål og nynorsk. Dei syner òg at ‘norsk’ og ‘norsk språk’ i alle høve må tyda eller innebera det same kvar gong desse nemningane eventuelt skal stå i lovteksten, eller så må det presiserast i kvart tilfelle kva dei tyder eller inneber.

Kva tyder til dømes «norsk» i § 5 Samiske språk i lovframlegget? Der står det at «[s]amiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er likestilte språk etter føresegnene i sameloven kapittel 3.» I lovframlegget elles er det jo bokmål og nynorsk som er rekna som likeverdige og likestilte. Inneber det at nynorsk er likeverdig og likestelt med bokmål og samiske språk der sameloven gjeld, lyt det faktisk stå i språklova. Er nynorsk ikkje like likeverdig og likestelt med samiske språk som

bokmål er – i dei situasjonane der sameloven gjeld – lyt det faktisk stå at det er «samiske språk og bokmål» som er likeverdige og likestelte språk, eventuelt at «samiske språk, norsk og bokmål» er likeverdige og likestelte.

Vidare står det i § 8 Skandinaviske språk i lovframlegget at «[o]ffentlege organ kan svare på norsk.» når danskar eller svenskar er «i munnleg eller skriftleg kontakt med det offentlege.» Burde det kan henda heller stå at «[o]ffentlege organ kan svare munnleg på norsk og skriftleg på bokmål eller nynorsk.»? Her kunne ein leggja fram fleire døme på problemet med 'norsk' og 'norsk språk', men fleire døme viser berre det same som desse to døma om §§ 5 og 8.

Nasjonalspråk og riksspråk?

Dersom norsk, på norsk og norsk språk i språklova står for det munnlege, vil språklova konsekvent kunna bruka bokmål og nynorsk om det skriftlege. Språklova skal jo elles fyrst og fremst setja opp reglar for skrivearbeidet og skriftproduksjonen i det offentlege, som etter språklova faktisk skal føregå på to skriftspråk som heiter bokmål og nynorsk. Då er det faktisk meningsfullt å nemna bokmål og nynorsk konsekvent med nemningane sine.

Som freistnad på å gjera språklova tydelegare på dette avgjerande og grunnleggjande punktet om det munnlege og det skriftlege gjer eg difor framlegg om å knyta nemninga nasjonalspråk til det munnlege i dei norske dialektane og nemninga riksspråk til dei offisielle skriftspråka og talespråka bokmål og nynorsk. Det bør stå i den innleiande føremålsparagrafen og der det elles høver i lova. Vonleg vil det

gjera det lettare å skjøna og fylgja opp dei fråsegnene i språklova som gjeld statusen for og bruken av bokmål, norsk og nynorsk.

Nemningar som nasjonalspråk og riksspråk er meinte å vera så høgtidssame og presise at dei både gjev status til staten og det offentlege og til dei personlege språkbrukarane som individ og grupper. Etter drøftinga av nemningane nasjonalspråk og riksspråk vil fråsegna mi hovudsakleg handla om korleis språklova kan fremja den likestellinga og det likeverdet mellom riksspråka bokmål og nynorsk som staten legg opp til med lovframlegget og den vedtekne språkpolitikken.

Nasjonalspråk og riksspråk

Framlegget mitt er å karakterisera norsk som nasjonalspråket i Noreg gjennom dialektane og bokmål og nynorsk som riksspråka i landet.

Forstavinga riks peikar på den offentlege og offisielle statusen som bokmål og nynorsk allereie har allstad i kongeriket Noreg, og syner fram at staten og det offentlege har bokmål og nynorsk som dei språklege bumerka sine. Staten skal altså ikkje nytta bokmål og nynorsk berre for å oppfylle språkbruksrettane som til dømes privatpersonane og kommunane i landet har, men òg for å oppfylle den retten Noreg som stat har gjeve seg til å ha visse språk for heile kongeriket. Det bør nemninga på riksspråka markera.

Forstavinga nasjonal peikar på den kulturelle tilknytinga som det norske nasjonalspråket har til den norske nasjonen, det vil seia på statusen det har som folkespråk i alle delar av Noreg

(ein status som norsk i visse område deler med til dømes samiske språk). Dette folkespråket finst berre som eit mangfald av variantar, primært som dei geografisk bundne norske dialektane eller målføra, det vil seia det nordgermanske talemålskontinuumet (I språkvitskapen er norsk rekna som eit nordgermansk språk, difor kjem uttrykket her.) som er knytt historisk og geografisk til Noreg.

Kva er bokmål og nynorsk som riksspråk?

Etter gjeldande lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) er bokmål og nynorsk offisielle skriftspråk i heile landet. Dimed har bokmål og nynorsk lenge hatt funksjon som riksspråk, endå om dei i dag etter mållova formelt vert nemnde som målformer (og ein stad som skriftspråk). For kven kan meina at bokmål og nynorsk ikkje er riksspråk kvar for seg i Noreg/Norge, dersom dansk er det i Danmark og svensk i Sverige?

I den offentleg godkjende Nynorskordboka er ordet riksmål/riksspråk definert som «mål(form) som blir brukt (som norm) overalt i eit land; offisielt språk, riksspråk, til skilnad frå dialekt». Uttrykket «dei to riksmåla nynorsk og bokmål» er i Nynorskordboka nytta som døme på bruken av ordet riksmål/riksspråk. òg i den like offentleg godkjende Bokmålsordboka er bokmål og nynorsk å rekna som riksspråk: «språkform som er anerkjent av samfunnet som normen for språket i et land; til forskjell fra dialekt». Det Norske Akademis uoffisielle ordbok har med ei liknande tyding av riksspråk: «språk som samfunnet anerkjenner som norm for landets språk; et lands offisielle språk, til forskjell fra dialekt».

På det grunnlaget bør difor bokmål og nynorsk som offisielle språk allstad i Noreg få formell status som dei to riksspråka i landet, med kvar sine munnlege og skriftlege standardar. Sidan norsk som språkleg omgrep primært femner om eit veldig mangfald av munnlege variantar, og berre sekundært om det skriftlege, er det upresist å nytta det som samleomgrep for bokmål og nynorsk som skriftspråk, særleg i ei lov som fyrst og fremst omtalar og regulerer bruken av bokmål og nynorsk som skriftspråk. At «norsk og nynorsk» som før nemnt er eit ordpar som ein høyrer brukt (medan «norsk og bokmål» vel ikkje er det), tyder òg på at språklova må vera staden for å presisera at norsk fyrst og fremst er nemninga for det munnlege nasjonalspråket, og bokmål og nynorsk nemningane for Noregs riksspråk.

Kommentarar til lovframlegget. Endringsframlegg

§ 1 Føremål

I tråd med argumentasjonen ovanfor gjer eg framlegg om å endra § 1 Føremål slik:

Føremålet med lova er å styrkje og sikre bokmål og nynorsk som Noregs riksspråk i skrift og tale, og å verne det norske nasjonalspråket som ovrar seg munnleg gjennom dialektane. Lova skal sikre at bokmål og nynorsk representerer det offentlege på alle nivå. Offentlege organ har eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk. Det omfattar òg ansvaret for å fremje det minst brukte riksspråket, nynorsk,

i tråd med at lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk.

§ 2 Definisjonar

Eg gjer framlegg om å leggja til nokre definisjonar i § 2 Definisjonar:

riksspråk: munnleg og skriftleg standardspråk som har offisiell og offentleg status over heile landet

nasjonalspråk: munnleg folkespråk gjennom dialektane

norsk: samlenemning for munnleg språk på norske dialektar og sosiolektar, bokmål og nynorsk

vedtak om statsspråk: vedtak i ein kommune eller fylkeskommune om kva riksspråk statsorgan skal bruka i kontakt med kommunen eller fylkeskommunen

§ 3 Verkeområde

Eg ser gode grunnar til at Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodsmannen og andre organ for Stortinget bør vera omfatta av føresegnene i kapittel 2 i lovframlegget.

§ 4 Norsk språk [Norske språk]

Eg gjer framlegg om å endra overskrifta på § 4 Norsk språk til § 4 Norske språk. Vidare gjer eg framlegg om å endra lovteksten slik:

Det samfunnsberande norske nasjonalspråket ovrar seg munnleg gjennom dialektane. Riksspråka bokmål og nynorsk er dei offisielle skrift- og talespråka som representerer ulike og særeigne norske språkkulturar. Bokmål og nynorsk er

likeverdige riksspråk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet og er forvaltningsspråk i Noreg. I det offentlege er bokmål og nynorsk likeverdige og likestilte skriftspråk som nærare spesifisert i denne lova.

§ 5 Samiske språk

Eg gjer framlegg om denne endringa i § 5:

Samiske språk og norske språk er likeverdige språk. Dei er likestilte språk etter føresegnene i sameloven kapittel 3.

§ 7 Det norske teiknspråket

Eg gjer framlegg om ei lita språkleg endring i § 7:

Det norske teiknspråket er det nasjonale teiknspråket.

§ 8 Skandinaviske språk

Eg gjer framlegg om ei endring i § 8 som går fram av det fylgjande:

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk i munnleg eller skriftleg kontakt med det offentlege. Offentlege organ kan svare munnleg på norsk og skriftleg på bokmål eller nynorsk.

§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk

Eg gjer framlegg om desse språklege endringane i § 10:

Offentlege organ skal følgje offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk.

Statsorgan skal ha namn på bokmål og nynorsk som følgjer offisiell rettskriving.

§ 11 Kommunale og fylkeskommunale språkvedtak

Eg stør framlegget andre har sett fram i høyringa om å endra
overskrifta til og innhaldet i § 11 til det fylgjande:

§ 11 Kommunale og fylkeskommunale vedtak om statsspråk

Fylkeskommunane bør kunna gjera eigne vedtak om statsspråk,
anten fylkeskommunane vert omfatta av alternativ 1 eller
alternativ 2 i lovframlegget

Kapittel 2 Bruk av bokmål og nynorsk

§ 12 Veksling mellom bokmål og nynorsk

Eit kjent mål på likestelling mellom kjønna har vore å ha ein
regel om minst 40 prosent representasjon i fleire
samanhengar. For å visa at staten faktisk skal gjera likestillinga
og likeverdet mellom bokmål og nynorsk i lovteksten til
røyndom, er det naturleg å auka kravet om nynorsk i allment
tilgjengelege dokument frå sentrale statsorgan. Eg gjer difor
framlegg om å setja inn denne teksten i § 12:

Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 40 prosent av
både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Det gjeld òg dei fylgjande setningsledda i paragraf 12:

Kommunar med vedtak om statsspråk

... følgje vedtaket i kommunen om statsspråk

§ 14 Bruk av bokmål og nynorsk til enkeltadressatar

bruke det norske riksspråket

§ 16 Krav til skrivekompetanse

Eg stør framlegget i høyringsfråsegna frå Ottar Grepstad om ny ordlyd i § 16

Forskrift om likestelling og sanksjonar

Eg gjer framlegg om ein eigen paragraf i i språklova som viser til forskrift om å fremja nynorsk som riksspråk ved hjelp av tiltak for å fremja likestillinga og likeverdet med bokmål, til dømes sanksjonar for brot på språklova.

Til dømes kan ei slik forskrift innehalda føresegner om å prioritera nynorsk skilting ved sentrale statsorgan, og å nytta alfabetisk orden i parallelltekstar, til dømes på pass og førarkort.